




# Menighetsblad for **Sør-Aurdal**



Nr. 4 - Desember 2020 e. Kr. - 76 årgang



Hedalen stavkirke

Foto: Arne G. Perlestenbakken

*I en natt så klar og kald,  
av en ung og tapper mor,  
i en krybbe i en stall  
fødtet håpet til vår jord.  
Så umerkelig så stille,  
byens gater helt forlatt.  
Ingen opptog for den lille,  
lyset kom en vinternatt.*

*Gjeterne satt rundt sin grue,  
skremtes opp av lys og lyd.  
Himlen sto i veldig lue,  
engler sang om fred med fryd:  
Ikke frykt, vær ikke redde,  
Gud er kommet til vår jord.  
Nå i natt var det det skjedde.  
Gå til barnet og hans mor*

*I det stille, til de små,  
bringer Jesus håp om fred.  
Og han kommer, da som nå,  
fra sin himmel til oss ned.  
Julenatt med lys og glede  
minner oss om Gud som kom.  
Evig er han her tilstede.  
Nå står grav og krybbe tom.*

**Tekst/melodi: Bjørn Eidsvåg NoS 69**

# Den norske kyrkja i Sør-Aurdal

## SØR-AURDAL KYRKJEKONTOR

Tingvollbakkin 15, 2930 Bagn

e-post: post.sor-aurdal@kirken.no

Opningstid: tysdag - torsdag kl. 09.00-15.00

Nettside: kirken.no/sor-aurdal.

Følg oss på Facebook og

Instagram: kirkene\_i\_Sor-Aurdal

**Kyrkjeverje:** Liv Barbro Strømme Veimodet,  
tlf 61 34 85 80, mobiltelefon: 416 74 669.

**Kontorfullmektig:** Toril Grønhaug,  
tlf 61 34 85 82 tysdag, onsdag, torsdag.

**Organist:** Anders Løberg, tlf 901 02 180.

**Trusopplæringsmedarbeidar:**

Helena Wright, tlf 951 78 041

## BAGN SOKN

**Sokneprest:** Signe Elisabeth Kvåle,  
tlf 917 91 233

e-post: sk935@kirken.no

**Soknerådsleiar:** Ole Fønhus, tlf 915 13 476

**Kyrkjetenar:** Tore Bergli, tlf 905 46 827

**Klokkar:** Oddleiv Juvkam, tlf 958 80 585

## LEIRSKOGEN SOKN

**Sokneprest, vikar:** Ellen Oddveig Rudi, tlf. 948 65 195

e-post: eoddver@online.no

**Soknerådsleiar:** Bente Bråten Dokken,  
tlf 959 73 019

**Kyrkjetenar:** John Erling Blad, tlf 988 50 499

**Klokkar:** For tiden ubesatt

## REINLI SOKN

**Sokneprest, vikar:** Ellen Oddveig Rudi, tlf. 948 65 195

e-post: eoddver@online.no

**Soknerådsleiar:** Inger-Lise Haraldsen Hagen,  
tlf 959 01 840

**Kyrkjetenar:** Tore Bergli, tlf 905 46 827

**Klokkar og belgdragar:** Marianne Haldis  
Jensen, tlf 406 44 910

## HEDALEN SOKN

**Sokneprest:** Signe Elisabeth Kvåle,  
tlf 917 91 233

e-post: sk935@kirken.no

**Menighetsrådsleder:** Arne Storruste,  
tlf 913 30 922

**Kirketjener:** Knut Erik Digene, tlf 977 49 013

**Klokker:** Frivillig tjeneste

## BEGNADALEN SOKN

**Sokneprest:** Signe Elisabeth Kvåle,  
tlf 917 91 233

e-post: sk935@kirken.no

**Menighetsrådsleder:** Gerd Elin Damslor, a,  
tlf 995 31 865

**Kirketjener:** For tiden ubesatt,  
kontakt kirkekontoret

**Klokker:** Frivillig tjeneste

## PRESTENS PENN Biskop Solveig Fiske



# Juleandakt til kyrkjelyds- blada jula 2020

Har du nokon gong sett lyset frå eit nyfødd lite menneske-  
barn? Sett lyset i augene og spedbarnets jamne hjerteslag?  
Har du kjent korleis ditt eige hjarte bankar av kjærleik og  
korleis det vesle barnet rører ved deg berre ved at det er  
til? Du har kanskje også opplevd korleis møtet med den  
vesle gir retning, for ein håpsveg inn mot framtida.

Det siste året har vore, og er prega av Covid-19. Mange  
har kjent på uro, ja også redsle og angst for dagen i dag, og  
for morgondagen. Alle lurar vi på korleis framtida vil bli.

Det har vore vanskeleg å halde avstand. Særleg krevjande  
har det vore for dei som har vore på sjukehus og ulike  
helseinstitusjonar, og deira nærstående. Det å ikkje kunne  
gå på besøk eller ta imot besøk gir ei kjensle av einsemd  
og sorg.

Kvardagen med covid-19 viser oss kor samansett livet er.  
Vi har fått ei djup erfaring og må sanna at vår felles ståstad  
er at livet er sårbart

Eg tenkte på dette då det var kyrkjejubileum i Tingelstad  
gamle kyrkje, St Petri no i sommar. Der er det ein kopi av  
det gamle altarfrentalet, med Himmeldronninga. Maria med  
krone og barnet i hendene. Barnet stryk si mor varsamt på  
kinnet og seier på denne måten at Gud kom med nåde og  
kjærleik.

Frå Maria på altarfrentalet i St Petri, dirrer sungen om  
tru, mot og klårleik på Guds vilje om rett og rettferd. Når  
alle har same Skapar og opphav så har vi også eit medan-  
svar for kvarandre, i det nære men også ute i verda.

Å følgje etter det lille barnet som vi feirer i jula, er å våge  
å gå inn i nye og ukjende landskap, ut fra evangeliets gren-  
sesprengande kraft til å åpne livets kjelder og framtidshåp  
for alle menneske.

Gud kjem til jorda vår som eit lite barn, og kanskje er det  
nettopp fordi Gud veit kva det er å være liten, at Gud også  
veit kva oppgjer med øydeleggande krefter er.

Saman med menneske over heile jorda, høyrer vi, og  
lever vi, i juletonen som har ein klangbotn av eksistensiell  
einsemd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko  
som er stort, større enn oss sjølv.

Vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnets livgjevande og  
trøystefulle nærvær midt mellom oss. Kristi kjærleiks lys  
held oss fast, i sanning og håp for livet her og i alle æve.  
Saman med folk over heile verda syng vi difor om fred på  
jorda, om barnet som er fødd og lyset frå håpet som er  
gjeve oss.

**Velsigna julehøgtid til dykk alle!**

# Smått og stort

*I en natt så klar og kald, av en ung og tapper mor, i en krybbe, i en stall fødtes håpet til vår jord. (Norsk salmebok 2013, nr 69, v1, tekst Bjørn Eidsvåg)*

## Forsiden

Artisten Bjørn Eidsvåg har flere salmer i salmeboka. Julesalmen hans som du finner i sin helhet på forsiden av dette bladet blir sunget land og strand rundt, ikke minst der hvor mange unge deltar i julefeiringen. Julesalmen er forholdsvis ny, og vi kan ikke sitere nye salmer med fullstendig tekst uten godkjenning fra rettighetshavere. Det har med copyrightbestemmelser å gjøre. Denne godkjenningen fikk vi heldigvis.

I salmen forankres julebudskapet i natten, i kulden og i forlattheten. Budskapet kom til en ung og tapper mor i første vers, til skremte gjetere i andre vers og det kommer fremdeles med håp og fred «i det stille, til de små» i siste vers.

## Lykter på graven

Det er mørkt og snøen har lagt seg. Vi vil gjerne sette lys på graven til våre kjære. I år ber vi om litt hjelp fra dere, for hvert år finner vi mange lykter på avveie.

Det kan være vinden som tar med seg de tomme lyktene – men det kan også være fugler som tar de med seg. De minste og letteste lyktene med naturlig stearin er attraktive for fugler på jakt etter restene av stearin. Det er observert fugler som har tatt lyktene og sluppet på bakken for å få tak i stearinen – og da blir knust plast og rester av metall-lokk liggende som søppel og kommer kanskje også inn i snøfresere.

Hvis du vil bidra til mindre søppel på avveie kan du velge lys med batteri, en tyngre lykt fuglene ikke får med seg eller kjøpe en større lykt som du plasserer et mindre lys inni.

Det hjelper også oss med ansvar for kirkegårdene om dere som setter ut de lette engangsløysene også sørger for å kaste de når de er utbrent. Søppelkasser er tilgjengelig ved alle kirkegårder. Tusen takk!

## Takk for nå, Maria Waldridsson!

Maria prest har jobbet 50% i Sør-Aurdal siden 1/8-2020. Hun slutter ved nyttår. I bladet har hun skrevet en hilsen til menighetene i Sør-Aurdal. Her ønsker vi å takke for godt kollegaskap, hyggelige samtaler, og ønsker henne lykke til med de avsluttende studiene på det teologiske fakultetet våren 2021! Alt godt!

## Årets julegudstjenester

Vi er fortsatt inne i unntakstilstand når det gjelder antall personer tilstede i kirkene våre. Dette vil vi merke spesielt godt på julaftens gudstjenester som pleier å ha fullsatte kirker. I år har vi lagt opp til gudstjeneste som vanlig på julaften, i tillegg blir det gudstjeneste 1. og 2. dag. Vi skal også lage en julegudstjeneste som vi legger ut på nett, slik vi gjorde til påske og 17. mai. Les mer om dette inne i bladet.

## Julekonsert i kirken

Pga koronasituasjonen har kor og korps valgt andre alternativer for julekonsertene i år. Dette vil bli annonsert. Vi håper vi er tilbake med julekonsert i kirkene neste år.

**Med dette ønsker vi en god adventstid til alle våre lesere – og alt godt for julehelgen og det nye året.**  
Kirkevergen

## Gudstjeneste Julaften PÅMELDING

Også i år blir det julaftens gudstjeneste i alle kirker. For tider se gudstjenesteoversikten på siste side.

Avstandsregelen, pga Covid 19, gjelder fortsatt så vi må ha påmelding til disse. Påmelding gjøres på telefon/sms 41674669 eller via denne lenken: <https://www.checkin.no/q/12460> Påmelding kan skje mellom 12/12-17/12.

Velkommen til julaftens gudstjeneste!

## Gudstjeneste 1. og 2. juledag

Det blir 2 gudstjenester i romjulen i år:

1. juledag blir det gudstjeneste i Bagn kyrkje kl. 1200

2. juledag blir det gudstjeneste i Hedalen stavkirke kl. 1200

Også her må vi ha påmelding som gjøres på telefon/sms 41674669

eller via denne lenken: <https://www.checkin.no/q/12460>

Påmelding kan skje mellom 13/12-18/12.

**Velkommen til høytidsmesse juldagene!**

## NYTTÅRSKONSERT I BEGNADALEN

Også i år, som alle andre år, blir det nyttårskonsert i Begnadalen kirke kl. 1600.

Anders kantor har, helt siden han begynte i Sør-Aurdal invitert til nyttårskonsert med forskjellige gjester. I år har han invitert med seg Osvald Fossholm og Herman Nordby.

Signe prest holder andakten.

Konserten har ingen aldersgrense, men vi må selvfølgelig ha påmelding pga avstandsbegrensningene. Påmelding gjøres på telefon/sms 41674669 eller via denne lenken: <https://www.checkin.no/q/12460>

Påmelding kan skje mellom 19/12-29/12.

Konserten er gratis - men det vil være mulig å gi en gave til kirkemusikalsk arbeid ved utgangen. **VELKOMMEN TIL KONSERT!**

## NYTTÅRSHØYMESSER I HEDALEN STAVKIRKE

Det blir nyttårshøymesse, som vanlig, i Hedalen Stavkirke 1. januar kl. 1200.

Påmelding gjøres på telefon/sms 41674669 eller via denne lenken: <https://www.checkin.no/q/12460> Påmelding kan skje mellom 19/12-29/12.

Velkommen til høymesse nyttårsdagen!

## Vi feirer også julaftengudstjeneste digitalt - sammen – men hver for oss, der vi er.

Signe prest og Anders kantor, i samarbeid med staben og menighetsrådene, har laget en digital julaftens gudstjeneste som vil legges ut på våre nettsider tidlig på julaftens morgen.

Her blir det tekstlesing, preken og julesalmer. Vil du heller sitte hjemme, men likevel feire julaftens gudstjeneste med oss, er du velkommen til dette. Vi legger ut dette på vår nettside: [www.kirken.no/sor-aurdal](http://www.kirken.no/sor-aurdal) – og håper bygdesidene også vil dele dette. I tillegg vil det legges ut lenke på vår Facebookside.

**VELKOMMEN TIL DIGITAL JULEFEIRING!**



# Ny vikarprest, Ellen Oddveig Rudi, presenterer seg

4

Vi går mot julehøgtida der vi minnest det vesle barnet som vart fødd ei frostklar natt, for over 2000 år sidan. Eit ljøs som kom ned til ei verd som var annleis, eit lite barn som skulle varme kvar og ein av oss. Vi høyrer om hyrdane på Betlehemsmarkene, om englesong og vise menn. Og også vi i 2020 får ta del i dette underet som hende den gongen, då vi fekk eit nytt liv og ei ny tid. Då Gud sende ljuset til verda.

På mange måtar kan eg kjenne meg att i denne forteljinga, for eg går og inn i ei ny tid. Eg følgjer og ei stjerne som lyser i livet mitt, akkurat slik både hyrdane og dei vise menn gjorde. I det livet eg lever er stjerna eit bilete for trua mi og det er med både forventning og audmjukheit eg ser at stjerna mi – som er styrt av noko som er så mykje større enn meg – har ført meg hit til preste teneste i Sør Aurdal.

Eg kan ikkje hugse anna enn at eg alltid har hatt ei sterk interesse for det kyrkjelege. Gjennom skuleåra i Øystre Slidre var kristendom alltid det faget eg gleda meg aller mest til. Eg er nok ikkje noko bymenneske, og draumen om å arbeida som prest måtte difor vike for anna utdanning. Å bu så mange år i Oslo og MF vart for fjernt. Men likevel – gjennom alle åra i ungdomstid og vaksenliv har både interessa og draumen vore der – og etter sju år i kyrkjeleg teneste er eg no i siste fase av preste utdanninga. Å få studere i vaksen alder er på mange måtar fint, eg har god ballast med meg frå åra mine som lærar på barneskulen og seinare sjukepleiar. Eg kjenner at eg laut gå desse vegane, før eg kom fram. Og eg er takksam for både dei erfaringane eg har fått i livet, og den preste tenesta eg no skal ta fatt på.

Ei signa julehøgtid til dykk alle!



## MIN JULESALME

Eg er svært glad i denne kulturskatten vår som julesongane er. Eit mangfald av vakre melodiar og vakre tekstar som blandar seg med takksemnda over så mange gode minne frå barndom og vaksenliv. Denne mektige kjensla av noko større når «Deilig er jorden» rungar ut i verda kvar julekveld. For det er noko eige med julesongane våre. Noko generasjonar og tradisjonar har gjort dei til. Dei byggjer bru mellom gamle og unge i ei tid der gapet mellom oss vert større.

Og ei av dei vakraste julesalmene for meg er «Her kommer dine arme små». Eg vert enno fylt av same forventning som denne julesalmen vekte hjå meg i fire års alderen. Enno kan eg kjenne denne gode høgtidskjensla når desse orda og tonane møter meg. Og alle er vi til tider arme og små i livet, då er det godt å ha ein stall å kunne kvila ved.

Ellen Oddveig Rudi

*Her kommer dine arme små,  
o Jesus i din stall å gå.  
Opplys enhver i sjel og sinn  
å finne veien til deg inn!*

*Å, drag oss ganske til deg hen,  
du store, milde sjelevenn,  
så vi i troen favner deg  
og følger på din himmelvei!*

*Vi løper deg med sang imot  
og kysser støvet for din fot,  
å salig stund, å søte natt  
da du ble født, vår sjeleskatt!*

*La verden ei med all sin makt  
oss vende bort fra dåpens pakt,  
men gi at all vår lengsel må  
til deg, til deg alene stå!*

*Velkommen fra din himmelsal  
til denne verdens tåredal,  
hvor man deg intet annet bød  
enn stall og krybbe, kors og død!*

*Så skal det skje at vi engang  
blant alle helgners frydesang  
i himlens glade paradis  
skal prise deg på englevis.*

*Men, Jesus, hvordan går det til  
at dog så få betenke vil  
den store, store kjærlighet  
som drog deg til vår jammer ned.*

*Her står vi nå i flokk og rad  
om deg, vårt skjønne hjerteblad.  
Å, hjelp at vi og alle må  
i himlen for din trone stå!*

NoS 36

## 60 års konfirmanter Hedalen



Fra venstre: Signe Kvåle, Grethe Fossholm Langbråten, Solveig Sukke Liolden, Anne Lise Goplerud Berge og Arne G. Perlestenbakken.

Foto: Arne Heimestøl

# Nytt orgel i Leirskogen kyrkje

Søndag 8. november var det innvielse av det nye kirke-orgelet i Leirskogen kyrkje med prest Maria Walfridsson, prost Carl Phillip Weisser og kantor Anders Løberg. Prosessen med å få et nytt kirkeorgel til Leirskogen har pågått i noen år. Det var opprinnelig tenkt en utvidelse av pipe-orgelet som sto der, og vi fikk til en avtale med Espen Selbæk orgelverksted for 5 år siden. Dette resulterte i at vi ikke kom noen vei og at vi ikke fikk noe av det vi var lovet. Hans firma klarte ikke å levere og vi måtte se oss om etter en ny løsning. Vi inngikk så en kontrakt med en leverandør av digitale kirkeorgel, Kirkeorgel Strandskogen. Strandskogen importerer Johannus digitalorgel fra Nederland, og vi fikk et 36 stemmers Johannus Classic 250. Teknologien er nå blitt så bra at det høres ut som et virkelig kirkeorgel. For Leirskogen var dette en flott løsning som gir mange muligheter i alle typer seremonier. Det tar mindre plass og er en mye rimeligere investering enn et pipeorgel ville vært. Pluss at vi nå fikk et etterlengtet orgel som fungerer bra, og ble levert og installert raskt. Orgelet er intonert og har justert lydolum etter kirkerommets størrelse, og har 4 eksterne høyttalere og 2 basshøyttalere.

I forkant av orgelleveringen var det noen tilpasninger som måtte gjøres på galleriet i Leirskogen kyrkje. Vi bygget et podium orgelet står rett og støtt på. Vi måtte finne en måte å flytte det gamle orgelet unna og få heist opp det nye. Jeg var så heldig å få med meg Tore Bergli til å hjelpe meg med dette. Vi fant fort ut at det gamle orgelet var så tungt, at vi kun nøyde oss med å flytte det til siden oppe på galleriet. Vi lastet det over på hjul, og det må demonteres i deler om man skal ha det ned.

Å få opp det nye orgelet måtte vi tenke mye på. En lift ble foreslått, men den hadde blitt for tung og vanskelig å få inn. Bergli fant på løsningen med å ha inn et stillas og feste

en talje i en svingbar bom øverst. Dette fungerte heldigvis, og med litt prøving og feiling fikk vi det forsiktig opp på galleriet.

Noen dager etterpå kom to mann fra Kirkeorgel Strandskogen for å installere orgelet og høyttalerne.

De var veldig glade for at vi hadde klart å få orgelet opp på galleriet uten dem.

Vi kommer til å ha en innvielseskoncert av det nye orgellet i Leirskogen når vi får lov til å ha fulle kirker igjen, men dette må vi komme tilbake til senere.

Anders Løberg



Foto: Bente Bråten Dokken



Foto: Anders Løberg

## Julekviss

Denne julekvissen er av det tradisjonelle slaget. Du får oppgitt sju nøkkelord og finn fram til første bokstaven i hvert ord. Etterpå set du disse bokstavene i rekkefølge I til 7 og kjem fram til namnet på eit instrument. Eit lite hint, alle nøkkelorda er knytta til Sør-Aurdal.

Vil du vera med i trekning om premie, sender du svaret ditt til Kyrkjekontoret innan 15. februar 2021. Adresser finn du på side 2. Lykke til! Helsing Eldor

1. Arrangement i Sør-Aurdal 12. og 13. august 2000.
2. Førenamnet til vinnar av Gunnar Sønsteby-prisen
3. Del av tusenårsstad
4. Kommunedirektør
5. Førenamnet til europameister i kokkekunst
6. Bygd med offisielt namn knytta til Olav den heilage
7. Forfattar med førenamn og etternamn som byrjar på same bokstav.



# Bipersonane i juleforteljingane

I våre dagar og i vår kyrkje har vi få gudstenester samanlikna med mange andre. Dette gjer til dømes at vi ikkje rekk å gå inn i så mykje meir enn forteljinga om Jesu fødsel julenatta, Maria og Jesus, gjetarane og vismennene.

Men det er mange fleire menneske å møte på i forteljingane rundt sjølve juleevangeliet. Simeon og Anna Fanuelsdotter som møtte Jesusbarnet i tempelet, eller Stefanus som har fått 2. juledag knytt til namnet sitt. Kven er desse og kva har dei med jula å gjere?

## Stefanus og 2. juledag

2. juledag er minnedagen for den første kristne martyren, nemlig Stefanus. Forteljinga om han står i Apostelgjerningane, kap 6 og 7. Han var ein av dei som var vald ut til å hjelpe apostlane i Jerusalem med arbeidet deira, og han hadde ansvaret for rettfærdig matutdeling til dei som trengde det, særleg enker og andre

fattige. Som følge av falske klagemål mot han, vart han henretta ved steining. Og det står også at Saulus, seinare Paulus, var ein av dei som deltok i dette, rett nok passivt. Stefanus døydde medan han bad for drapsmennene.

I gamle tradisjonar og legender om, som ikkje er nedskrivne i Bibelen, blir det fortalt at han var ein tidlegare stallgut hjå Herodes, og at Stefanus var den første til å sjå julestjerna over Betlehem fordi han var den som først var oppe for å vatne kongens folar om morgonen. Stefanus fortalte kongen om stjerna og kva den betydde, men kong

Herodes ville ikkje tru på han. «Det du seier er like sant som om denne steikte hanen på bordet her skulle bli levande att!» svarte kongen. Og då vakna hanen og baksa med vengene og gol. Særleg i Sverige har dei mange viser om han og folane og betlehemsstjerna. Namnet hans er blitt til Staffan, og han har ein viktig plass i julefeiringa i Sverige. Han er mellom anna helgen for både stallkarar og hestar, og for diakonane ettersom han var ein av dei fyrste sju diakonane, utvalde av apostlane.



Takmåleri frå middelalderen i Dædesjø kyrka i Sverige

## Dei to gamle i tempelet

Nyttårsdag kallar vi også for Jesu navnedag. Den jødiske tradisjonen bestemte at gubborn skulle omskjerast på den åttande dagen. Sidan Josef og Maria var i Betlehem, var det berre ei ganske kort reise, drygt ei halv mil, til Jerusalem og det store tempelet. Dit drog dei, eller kanskje berre Josef

med barnet, for å få guten omskoren og namnet hans sagt høgt for alle dei som var tilstades. Der utanfor tempelet møter dei Simeon. Han var ein gammal mann som venta gudfryktig og tolmendig på trøst og utløyning for Israel, som det står i Luk 2, 25 ff. Han hadde mellom anna fått lovnad om at han ikkje skulle døy før han hadde sett dette med sine egne augo. Anden hadde leidd han til tempelet denne dagen og vi kan berre undre oss over kvifor han skjønna at det var nett desse foreldra og dette barnet han var på leiting etter. Han tek barnet opp i armene sine og syng ein lovsang for at både han og Israel no har fått løftet om trøyst oppfylt. Og han velsignar barnet og mora.

Så kjem det ei kvinne fram, Anna Fanuelsdotter. Ho var ei som tydelegvis heldt til i tempelet, for det står om henne at ho tente Gud med bøn og faste natt og dag.



Vi kjenner til at det i tilknytning til tempelet var boligområder, for mange av dei som arbeidde der var berre på midlertidige oppdrag. Dei budde altså andre stader men hadde plikttjeneste i tempelet i kortare tid om gongen. Sidan Anna var enke hadde ho truleg ein veldig vanskeleg livssituasjon. Enker hadde inga inntekt og ingen sosial sikkerheit å lene seg på. Sidan ho var 84 år og berre hadde vore gift ei kort tid i ungdommen kan ho vore enke i 60 år! Ein svært hard lagnad for kvinner på den tida. Anna hadde altså ei slags tilflukt i tempelet. Eit eige område heitte kvinnenes forgård, lenger inn kunne kvinnene ikkje gå. Men der kunne Anna altså halde seg. Og lenger inn kunne heller ikkje Maria gå, så der måtte ho vente på Josef og barnet medan dei heldt på med omskjæringa. Truleg måtte Maria både byte på barnet og gje han mat etter det han hadde vore gjennom. Kanskje skreik han og trengde trøst? Anna har også dette blikket som fortalte henne at dette var teiknet dei alle venta på. Dette barnet skulle bli han som gav dei friheit. Kanskje var det alle bønene og fasten som hadde gjeve henne innsikta?

Signe Kvåle





## 50 års konfirmanter i Reinli



Foran fra venstre: Prest Maria Walfridsson, Liv Unni (Muldbakken) Andersen, Ann Dorthea Bøhn, Tove Helene (Hagen) Larsen. Bak fra venstre: Jan Kollsgård, Thomas Bøen, Kjell Ove Odden. Foto: Anne Irene Bjørnstad

## Lysgloben i Reinli



Ola Røang har laget Lysgloben i tre og messing, noe som passer godt til det andre interiøret i kirkerommet i Reinli kapell. Han har også laget andre ting som vigslingskorset og lysestaker. Noe som gjør at kirkerommet blir personlig og unikt.

Tekst og bilde: Anne Irene Bjørnstad

## Soknerådsleiaren har ordet

Eg har vorte spurt fleire gonger om å stå på lista til valg i soknerådet, men takka nei. Når eg vart spurt denne gongen, tenkte eg at det var vel min tur til å si ja, og eg vart valt inn.

Slik blei det nye soknerådet samansett: Inger-Lise H. Hagen, leiar. Ola Bonlid, nestleiar og representant i fellesrådet. Randi Marie Hagen, kasserer. Anne Irene Stokke Bjørnstad, sekretær.

Det er ein del å ta stilling til og setje seg inn i, men veldig interessant. Reinli kapell er i god stand. Mykje er vorte gjort opp gjennom åra frå tidlegare sokneråd, og dei siste 4 åra. Det er pussa opp diverse stadar og oppgradert.

Rett etter vi var valgt inn, hadde vi i fjor haust lysvåken der ungar overnatta i kapellet, då var det full rulle. Vi hadde planar, og tenkt for oss litt samlingskveldar på vårparten, quiz, song o.l, men så kom Corona.

Vi ønsker å få til noko sosialt der heile bygda kunne møtas til hyggekveld. Så når ting let seg gjera att får vi prøve noko slikt.

Sjømannskirken har meint å koma til oss på nyåret (viss det let seg gjera). Vi håpar at folk møter opp når det skjer noko, og at vi kunne samlas, når det blir slik att.

Vi har gjennomført konfirmantsamling for heile Sør-Aurdal i haust, under Covid-19 reglar.

Flott ungdom. Vi vil jobbe med å få til ein minnelund, planar er i gang.

Vi ynskjer at fleire vil koma til kyrkjene våre. Så håpar vi, at akkurat DU vil koma på gudsteneste.

Velkomen til Reinli! Måtte alle få ei god jul!

Soknerådsleier Inger-Lise



## Konfirmanttreff i Reinli 11. oktober



Foto: Anne Irene Bjørnstad



# JULA OG JULESONGANE

8



Ei jul utan julesongane og all den vakre musikken som er skriven for juletida? Det ville for meg ha vore ei fattigare jul. Og eg trur ikkje eg er aleine om ei slik kjensle.

Eg hugsar frå min barndom at forventningane til, og gleda over julehøgtida var så sterk at det ikkje er lett å setja ord på det. Og det handla slett ikkje berre om forventning til pakkane under trèet. Nei, det var like mykje alt det andre, heilt frå byrjinga av adventstida og fram til sjølv feiringa: Snøen som la seg, førebuingane

på skulen med tid til å lage julekort og julepynt, førebuingane heime med vasking, baking og henting av tre, butikkane i bygda som laga juleutstillingar i vindauga og hengde opp girlander av farga lyspærer, og ikkje minst tenning av eit nytt adventslys kvar sundag. Det var heile den varme, gode stemninga mellom folk som eg syntes å kjenne på denne tida av året, og som var annleis enn elles.

Og ikkje minst var det julesongane! I dag hendar det vi halvt ergrar oss når populariserte versjonar av dei kjende julesongane strøymer ut av høgtalaranlegg på kjøpesentrene allereie frå midten av november. Men det var jo ikkje slik den gongen eg vaks opp heller; at vi venta med å synge julesongar til jula var komen. Vi øvde på dei på skulen; vi måtte jo kunne dei når vi skulle til julegudsteneste, når vi skulle gå rundt trèet heime eller i juleselskap, og seinare også på juletreffestane. Og sjølv vaks eg opp med den festlege tradisjonen heime at vi "spretta" julesongar - ein for ein. Det var bestefar Ingvar som hadde innført denne glade måten å førebu jula på for sine døtre, og dei tok den med seg vidare til sine barn. Den handla om at vi, når adventstida hadde tatt til, fekk lov til å begynne å synge julesongar. Berre ein om gongen, og med nokre dagars opphald mellom kvar. Det skulle synke sakte inn at vi nærma oss den store høgtida, så vi kunne ikkje gapa over og sluke alt på ein gong. Og slik som eg gleda meg over denne tradisjonen! Det var òg ei nokon lunde bestemt rekkefølge på songane som vi "spretta". Eg veit ikkje heilt kva som var grunnlaget for denne rekkefølga, men dei for oss vakraste songane, som vi syntest var "mest" jul, dei venta vi med til jula var komen. Når det nærma seg, og det meste var klart for høgtid, var det stor stas å setje seg ned med ei illustrert bokutgåve av Prøysen si vise "Nå har vi vaske golvet", der vi både kunne skode stjernehimlen over krybba i Betlehem og huset hennar jordmor-Matja. "Du grønne, glitrende tre god dag" song vi når juletrèet var ferdig pynta og lysa tende vesle julaftan, og "Glade jul" song vi av full hals når det endeleg var blitt julekveld!

At songen og musikken knytt til jula betyr mykje for folk også i dag, ser ein mellom anna på kor mange som deltek på julekonsertar i førjulstida. Sjølv har eg spelt i korps i meir enn 30 år, og tradisjonen her i bygda med at korps og kor inviterer sambygdingar til "å synge jula inn" i kyrkjene våre har levd så lenge eg kan minnast. Dèt er det nok ein grunn til. Det er moro å vere korpsmusikar og korsongar desse kveldane, der folk smiler varmt etter konserten og takkar for at vi har bidratt til å gje dei ei ro, og til å klare å hente fram dei gode kjenslene i ein til tider

hektisk kvardag. At dei fleste av desse konsertane i skrivande stund kanskje ser ut til å måtte avlysast i år på grunn av pandemien vil nok difor bli eit savn for mange.

Eg er vorten eldre, og held kanskje ikkje på tradisjonen med å "sprette" julesongar lenger, men framleis betyr julesong- og musikk mykje for meg. Når eg i førjulstida set meg ned og lyttar til den varme og kraftfulle klangen i Bugge Wesseltoft sitt piano i hans tolking av "Det kimer nå til julefest", eller Sondre Bratland sin vakre versjon av "Det hev ei rose sprunge", rører det meg djupt. Vi syng framleis "Du grønne, glitrende tre god dag" når trèet er ferdig pynta vesle julaftan. Og når vi julekvelden - ettar at kyrkjeklokkene har ringt jula inn - lyttar til Mahalia Jackson si heilt særreigne og sterke innleving når ho syng "Silent night", er det ikkje ein augekrok som er tørr.

Julesongane gjer noko med mange av oss, så eg vågar også påstanden at når alle har reist seg i kyrkjebenkane på julekonserten, og den siste tonen av "Deilig er jorden" har ebba ut, er det mange auger som er blanke, og endå fleire hjarte som er ekstra varme.

Ei god jul ynskjer eg alle!  
Bjørn Dokken



## Utdeling av 4 års bok i Bagn



Foto: Anne Dyve



# Årets konfirmanter



Bagn kyrkje 19. september. Foto: Anne Dyve



Leirskogen kyrkje 27. september.  
Foto: Heidi Øyhus Stensæter



Begnadalen kirke 20. september. Foto: Gerd Elin Damslora



Reinli stavkyrje 27. september.  
Foto: Inger Lise Thorsrud



Hedalen stavkirke 26. september.  
Foto: Arne G. Perlestenbakken



## Vi blar i arkivet v/Björg Ingrid

### Med regnboge over julekvelden, 1980

Organist Solveig og eg hadde vori på Leirskogen til julekveldsgudsteneste. No var vi på veg heim. Då landskapet opna seg nedover mot Bagn, fekk vi brått sjå eit noko uvanleg himmelteikn på denne tida av året: ein regnboge! No stod han der, spent mellom himmel og jord og let dei vakre fargane sine skape ein herleg kontrast til skumring og snø og granskog. Ei bru mellom himmel og jord!

Ja, var det ikkje nett det som var bodskapen vi fekk forkynne: Gud steig personleg ned og laga bru over avgrunnen – ein frellesveg for alle trøytt pilgrimar! "Det skal vera ein heilag veg," står det i Boka (Jes. 35, 8). "Ingen vegfarande, ikkje dåren eingong, skal fara vill."

Det vart så stort for meg: Gud sjølv illustrerde teksten eg hadde fått preike over! Og han viste meg at denne vegen slett ikkje er grå og trist, slik mange trur: Han er fylt av fargar og spaning!

Men Gud sa meir til henne som svinga rattet: Regnbogen er paktsteiknet i Guds rike! Gud ga regnbogen til Noah og etterkomarane hans til eit teikn på at han ville vera med dei alle dagar. Immanuel er jula sitt namn på Jesus. Det tyder: Gud med oss! Guds pakt står altså enno ved lag!

Dette er eitt av dei mange rike minna frå tida i Sør-Aurdal. Eg ber det framleis med meg og ville gjerne det skulle bli ei helsing til dykk alle om Guds rike frelse og omsorg.

Elles må eg seie takk for sist til dei av dykk eg fekk møte i sommar – og takk for alle helsingar og gode ynske! Takk også til dykk som har gitt kyrkjeoffer til K.V.T., eller på annan måte har vori med på å reise skolen.

Kristen vidaregåande skole Trøndelag er blitt ein fin og praktisk skole. Det er opptak frå heile landet, og sanneleg har vi ein elev frå Valdres også! Misjonsfolket som har reist skolen, følger oss med omtanke og forbøn, og det ser ut som dei unge trivst. Kunnskap og kristentru er ei god eining, og det er det vi ynskjer å bringe vidare.

Så sender eg mi beste helsing til dykk alle! Må Gud gi dykk ei rik og glad jul!

Astrid Bergene

### Forskjellen

I Amazonas i Brasil fortelles det en historie om en prest som snakket med Gud om forskjellen på himmel og helvete. "Kom, skal jeg vise deg," sa Gud, og tok presten med seg inn i et rom der det sto en svær kjøttgryte på bordet. Rundt bordet satt det mennesker som var desperate av sult. I hendene holdt de skjeer med så lange skaft at de nådde ned i gryta, men for lange til at de kunne få maten inn i munnen. De led fryktelig.

"Nå vil jeg vise deg himmelen," sa Gud til presten, og tok ham med inn i et annet rom. Der sto den samme dampende kjøttgryta, og rundt satt det mennesker med samme typer skjeer som i det forrige rommet. Men disse menneskene var velnærte og glade. Presten sto der forbløffet til Gud ga ham forklaringen: "Det er enkelt nok. Du skjønner, disse menneskene har lært å gi hverandre mat."

### Pastorisert melk

Og så var det han som alltid kjøpte melka si i prestegården. Han ville så gjerne ha pastorisert melk!

## Maria Walfridsson takker for seg

Sommaren 2016 fick jag äran att jobba som sommapräst här i vackra Valdres, det var en sommar som jag kommer bära med mig i minnet för all framtid. Tanken var att jag skulle tillbaka sommaren efter men hamnade i Gudbrandsdalen där jag stannade i två och ett halvt år som vikarpräst. Så blev jag tillfrågad av prost Carl-Philip om jag ville komma och jobba i Valdres denna sommar, först i Vestre Slidre och på hösten här Sør Aurdal prosti.



Det var väldigt fint och få komma tillbaka till Valdres och den vackra naturen och jag har kombinerat jobb, med foturer i fjellen, och sitter nu med många fina minnen från upplevelser, erfarenheter och framförallt möten med så många människor. Visst denna tiden som vi befinner oss i nu är och har varit utfodrande för många. Vi befinner oss i en mycket speciell tid, en tid av ovisshet och en tid där vi må förhålla oss till olika restriktioner som för oss egentligen är helt främmande. Men människan är bra på att anpassa sig, och jag som präst har upplevt så många fina och kreativa sidor av människan. I jobbet som präst är möten med människor det som är en stor del av jobbet och att då inte kunna bemöta på samma sätt som tidigare och samtidigt veta att folk kanske vill men inte kan komma till kyrkan, det har varit utfodrande och lite ledsamt. Kyrkan ska ju vara en samlingspunkt dit du ska komma för att få tröst, och nu i dessa tider när vi kanske behöver tröst så kan vi inte vara närvarande på ett sätt som egentligen är självklart. Det som ger mig tröst och frid är att så många ändå har ett hopp, har en värme och delar med sig med ideer och tankar och gör allt för att man ska kunna ta del av kyrkans verksamheter på ett så bra sätt som möjligt.

En erfarenhet jag kommer att ta med mig och en upplevelse att spara i hjärtat, är alla dessa kreativa och fina sätt att ändå hålla kyrkan aktiv under denna pandemi och det har vi alla bidraget till. En annan sak jag kommer att spara i hjärtat är alla fina möten med människor under tiden här, alla möten som inneburit både glädje och sorg och alla möten med dem som står mitt i livet.

Ja det finns många minnen från tiden som vikarpräst i Valdres, nu ser jag som är född och uppväxt i Skåne fram till en jul framför peisen när snön dalar ned utanför fönstret, en sådan jul fanns bara i eventyr för mig när jag var liten.

Jag hoppas att jag nu under de sista månaderna här i Valdres, innan jag far tillbaka till Oslo och sista semestern på mitt studium på teologisk fakultet kan få njuta av en tid där vi alla kan mötas i kyrkan och inte bara på zoom och sociala medier, för mig hade det varit den bästa julgåvan.

Jag tänkte jag skulle avsluta med en liten bön som kan lysa upp och ge hopp och kanske kommer jag åter tillbaka till Vackra Valdres en gång.

*Om jeg kan be, vet jeg ikke.  
Og ikke om jeg kan lovsynge.  
Og om jeg kan tro... tro?  
Men jeg kan tenne et lys.  
Det blir min bønn, min tause bønn.  
(Lars-Åke Lundberg)*



## Merkedager i livet

### BAGN

Døypst:

18.10.20 Ådne Steinsæter

Gravferdshandlingar:

16.10.20 Ingebjørg Lineikro – urnenedsettelse

20.11.20 Leif Moe

24.11.20 Ivar Kolsrud

### REINLI

Gravferdshandling:

03.11.20 Arne Garthus

17.11.20 Synnøve Ingegerd Thorsrud

### BEGNADALEN

Gravferdshandlingar:

13.10.20 Turid Ruud

### HEDALEN

Gravferdshandlingar:

20.10.20 Ivar Heiene-Fauske – kistenedsettelse

06.11.20 Guri Lie



Vi oppfordrer leserne til å bidra med stoff eller tips om aktuelle saker. Frist for innlevering er 19. februar.

## Barne- og ungdomsarbeid og stabling av juleved

I min barndom hugsa eg godt ein tradisjon som vi ungar skulle gjera før høgtida starta. Det var å bera inn ved slik at vi slapp ut for å hente i helgedagane. Vi skulle fyre i 1 til 2 ovner ekstra, derfor gjekk det mykje ved, i store kalde gardshus.

Sjølve jobben virka nesten «hellig», eg minnast at målet var, å få inn mest mulig og penast oppstabla ved utan at det ramla ned.

I godt voksen alder var eg utsending til ein stor inspirasjonssamling på Hamar for heile bispedømmet, der biskopen hadde fått ei frå bispedømmerrådet til å fortelja om barne- og ungdomsarbeid i sitt sokn som var Nordsinni. Hun starta med å samanligne menighetsarbeid med å bera og stable ved til jul og ikkje minst når vedstabelen rasa ned. Valet er gjeve, å legge opp på nytt, og kanskje med ein liten vri, for å hindre ras.

Slik er det med arbeid i menigheten også, det er gudvillia og den usynlege kraften kjem og gir nytt mot. I bibelen står det at Gud har ikkje gjeve oss motløshetsånd, men kraft og visdom til utholdenheit.

I Sør-Aurdal har vi hatt lange tradisjonar med barn- og ungdomsarbeid, og kommunen har verdsatt det med kommunal stønad og fleire Kulturprisar. I 2019 var det drivarane av Korvetten og Opehus i Bagn som vart påskjønta. På lista over vinnarane er det 4 – 5 som kjem under kristent barne- og ungdomsarbeid, eller som nokre sier, kyrkjias forlenga arm. Eg trur ikkje det er prisar og anna «skryt» som er drivkrafta. Kjensla av å vera noko for andre er viktigare.

Stor takk til alle som står på, i dette «vårønn» arbeidet, for å bruke eit bondeuttrykk. Såing er en viktig del her, men vi må også gjera jordsmonet lagleg for vekst.

Mikael Sørbøen

God jul til alle lesarar!

## Grønnsåpeduft i Prestestuggua!

En onsdags kveld i oktober lyste det i vinduene i Prestestuggua. Der inne jobbet tre damer med ordentlig husvask på gamlemåten.

Jeg fikk lov å titte inn. Og det finnes ingen bedre lukt enn nyvasket treverk.

På vegne av menigheten sender jeg en varm takk til Målfrid, Anne Marie og Emmy!

Tekst og bilde:  
Inger Olea Digene



# Velkommen til kyrkje

**13. desember, 3. søndag i adventstiden**  
Luk 3, 7-18 Frukt som svarer til omvendelsen  
Leirskogen kl. **16.00**: Lysmesse. Maria Walfridsson. Takkoffer til Fredagsklubben

**20. desember, 4. søndag i adventstiden**  
Luk 1, 39-45 Maria og Elisabeth  
Sør-Aurdalsheimen kl. **11.00**: Juleandakt.  
Signe Kvåle og Anders Løberg

**22. desember**  
Skolegudstjenester for alle skolene i Sør-Aurdal.

**24. desember, Julaften**  
Luk 2, 1-20 Jesus blir født  
Reinli kapell kl. **13.00**: Julaftensgudsteneste.  
Maria Walfridsson. Takkoffer til Menighetsbladet

Bagn kyrkje kl. **14.30**: Julaftensgudsteneste.  
Maria Walfridsson. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Leirskogen kyrkje kl. **16.00**: Julaftensgudsteneste. Maria Walfridsson. Takkoffer til Frelsesarmeen

Begnadalen kirke kl. **14.30**: Julaftensgudsteneste. Signe Kvåle. Takkoffer til Begnadalen menighet

Hedalen stavkirke kl. **16.00**: Julaftensgudsteneste. Signe Kvåle. Takkoffer til Redd Barna

**25. desember, Juledag**  
Joh 1, 1-14 Ordet ble menneske  
Bagn kyrkje kl. **12.00**: Julehøymesse. Maria Walfridsson. Takkoffer til Frelsesarmeen

**26. desember, 2. juledag/Stefanusdag**  
Matt 10, 16-22 Som sauer blant ulver  
Hedalen stavkirke kl. **12.00**: Julehøymesse.  
Signe Kvåle. Takkoffer til Normisjon-julemess

**31. desember, Nyttårsaften**  
Joh 14, 27 Min fred gir jeg dere  
Begnadalen kirke kl. **16.00**: Nyttårskonsert med andakt. Osvald Fossholm, Herman Nordby, Anders Løberg og Signe Kvåle. Takkoffer til Kirkemusikalsk virksomhet.

**1. januar, Nyttårsdag/Jesu navnedag**  
Matt 1, 20b-21 Navnet Jesus, han skal frelse  
Hedalen stavkirke kl. **12.00**: Nyttårshøymesse. Signe Kvåle. Takkoffer til Norsk Folkehjelp, Syria

**3. januar, Kristi åpenbaringsdag**  
Luk 2, 40-52 Jesus som tolvåring i tempelet  
Leirskogen kyrkje kl. **11.00**: Misjonsmesse.  
Signe Kvåle

**10. januar, 2. søndag i åpenbaringstiden**  
Mark 1, 3-11 Døperen Johannes og Jesu dåp  
Hedalen stavkirke kl. **11.00**: Gudstjeneste.  
Signe Kvåle, Takkoffer til Leger uten grenser

Bagn kyrkje kl. **18.00**: Kveldsmesse. Signe Kvåle

**17. januar, 3. søndag i åpenbaringstiden**  
Joh 4, 4-26 Kvinnen ved brønnen  
Ingen gudstjenester i Sør-Aurdal

**24. januar, 4. søndag i åpenbaringstiden**  
Joh 9, 1-7.35b-38 Mannen som var født blind  
Reinli kapell kl. **11.00**: Gudsteneste. Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer til HEKTA- arrangør av konfirmantleir

Begnadalen kl. **18.00**: Kveldsmesse. Signe Kvåle. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

**31. januar, Såmannssøndag**  
Mark 4, 26-34 Sårket og sennepsfrøet  
Bagn kyrkje kl. **11.00**: Gudsteneste. Signe Kvåle

Hedalen stavkirke kl. **18.00**: Kveldsmesse.  
Signe Kvåle

**7. februar, Kristi forklaresdag**  
Mark 9, 2-13 Disiplene får se Jesu herlighet  
Begnadalen kirke kl. **11.00**: Gudstjeneste.  
Signe Kvåle. Takkoffer til ACTA

Leirskogen kyrkje kl. **18.00**: Kveldsmesse.  
Ellen Oddveig Rudi

**14. februar, Fastelavnssøndag**  
Joh 12, 20-33 Jesu død og herliggjørelse  
Ingen gudstjenester i Sør-Aurdal.  
Konfirmantleir

**21. februar, 1. søndag i fastetiden**  
Matt 16, 21-23 Om lidelsen og Peters protest  
Hedalen stavkirke kl. **11.00**: Tårnagentgudstjeneste. Signe Kvåle og Helena Wright.  
Utdeling av 5. klasse bibel til Begnadalen og Hedalen sokn. Takkoffer til Barnas Misjonsprosjekt NLM, Indonesia

Bagn kyrkje kl. **18.00**: Kveldsmesse. Signe Kvåle

**28. februar, 2. søndag i fastetiden**  
Luk 7, 36-50 Hun som fikk syndene tilgitt  
Reinli kapell kl. **11.00**: Gudsteneste. Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer til Fasteaksjon-Kirkens Nødhjelp

**7. mars, 3. søndag i fastetiden**  
Mark 9, 17-29 Jesus driver ut en vond ånd  
Bagn kyrkje kl. **11.00**: Gudsteneste. Signe Kvåle

Hedalen stavkirke kl. **18.00**: Kveldsmesse.  
Signe Kvåle

**14. mars, 4. søndag i fastetiden**  
Joh 3, 11-16 Så høyt har Gud elsket verden  
Leirskogen kyrkje kl. **11.00**: Gudsteneste.  
Ellen Oddveig Rudi

Reinli kapell kl. **18.00**: Kveldsmesse. Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer til Reinli sokn

**21. mars, Maria budskapsdag**  
Luk 1, 46-55 Marias lovsang  
Hedalen stavkirke kl. **11.00**: Gudstjeneste.  
Signe Kvåle

Bagn kyrkje kl. **18.00**: Kveldsmesse. Signe Kvåle

**Det tas forbehold om at gudstjenestelisten kan endres. Følg med i avisa Valdres og nettsidene i kommunen.**

## MENIGHETSBLAD FOR SØR-AURDAL

**Utgevar:**

**Sør-Aurdal kyrkjelege fellestråd**

**Redaksjon:**

**Signe Elisabeth Kvåle**

**Liv Barbro Veimodet**

**Toril Grønhaug**

**Bagn: Bjørg Ingrid Brenno**

**Leirskogen: Mikael Sørbøen**

**Reinli: Rune Larheim**

**Hedalen: Eldor Bråthen**

**Menighetsbladets**

**kontonummer:**

**2320 17 79723**

**VIPPS: 114107**

**Sør-Aurdal kirkelige fellestråd**

**VIPPS: 525671**

**Hedalen stavkirke- kollekt**

**VIPPS: 22430**

**Begnadalen kirke – kollekt**

**VIPPS: 525362**

**Veståskapellet**

**Trykk: Land Trykkeri AS**